



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE

Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Astrid Elina Ådnanes / 24058237 23/35327-2

Vår referanse:

23/35327-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
21.03.2023

Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035 for Alver kommune – Uttale fra Statens vegvesen

Vi viser til brev i frå Alver kommune av 21.02.23, med oversending av forslag til kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv for perioden 2023 – 2035.

Statens vegvesen har uttalt seg til kommuneplanen sin samfunnsdel tidlegare. Vi legg til grunn at samfunnsdelen ligg som fundament ved utvikling av andre delar av kommuneplanen, også den delen som gjeld for kultur, idrett og friluftsliv.

Når det gjelder utvikling av kultur, idrett og fritidstilbod i kommunen er det viktig å ha ein plan for korleis ein skal utforme tilboda med tanke på infrastruktur. Ein bør så langt råd er vurdere tilbod i nærmiljøa og ikkje minst ha i tankane samlokalisering av ulike tilbod der det er mogleg, i motsetning til ein fysisk spreidd tilbodsstruktur. I utgangspunktet bør tilboda ligge slik til at ein kan nytte gange, sykkel eller kollektivreiser for å ta del i desse.

Kommunedelplanen for kultur, idrett og friluftsliv er berre ein av fleire slike planar i kommunen. Samla sett kan kommunedelplanane bidra med praktiske løysingar som totalt gjev mindre trøng for biltransport og dermed byggjer opp om nullvekstmålet for biltrafikken.

Når det gjeld den delen av kommunedelplanen som omhandlar kulturarv så vil Statens vegvesen trekke fram den Trondhjemske postveg. Statens vegvesen er eigar av dette nasjonalt viktige kulturminne. Dette er den første hovudveg på Vestlandet, som i organisert form skulle sikre postgangen frå Bergen til Trondheim. Slike postvegar gjekk også mot Stavanger og Christiania med utgangspunkt i Bergen.

I Alver kommune vart postvegen bygd på 1790-talet og gjekk frå Isdalstø i sør til Fonnebust i nord. Statens vegvesen har tidlegare spelt inn til kommuneplanen sin arealdel at postvegen

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

skal markerast med ei omsynssone. Vi meiner det er viktig at også kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv får godt fram verdiane som dette kulturminnet gjev for kommunen.

Transportforvaltning vest 3

Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Astrid Elina Ådnanes
sjefingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER